



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1284-5

Stamina helse - Årsmelding for 2018

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek årsmeldinga frå bedriftshelsetenesta til vitande.

Vedlegg:

Årsmelding for 2017 – Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag


Årsmeldinga frå vår leverandør av bedriftshelsetenester, Stamina Helse AS, gir oversikt over leverte tenester til fylkeskommunen i 2018. Årsmeldinga gir informasjon om kven som har vore kundeansvarleg, og kva rådgjevarar som har bidrege på dei ulike fagfelta, og skildrar gir ei overordna skildring av aktiviteten som har vore.

Tenesta skal dekkje verksemda sine behov for hmt-oppfølging og bistand etter Arbeidsmiljølova sin §3-3, forskrift om organisering, leiing og medverknad [kapittel 13](#) og i forskrift om systematisk hmt-arbeid [§ 5](#). I tillegg er rapportar/notat som skildrar utførte oppdrag er sendt over etter kvart i året som er gått. Vidare gjennomfører frm-personal to årlege status og bestillarmøter med leverandøren.

Kundeansvarleg i 2018 har vore Wenche Elveseter. Totalt er det levert vel 1170 tenestetimar for ein samla verdi av kr. 1 054 435. Tabellen under syner tenesteleveransen fordelt på overordna tenesteområder.

Andre rådgjevarar som har levert tenester til Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2018:

- o Anne Sigrid Harjo, yrkeshygienikar
- o Evi Ollikainen, ergoterapeut/verneingeniør
- o Wenche Solli, sjukepleiar
- o Sarita Williams, sjukepleiar
- o Jenny Nyland, sjukepleiar
- o Henrik Høberg, bedriftslege
- o Mariann Husa, bedriftslege
- o Kristine G. Kalland, bedriftslege
- o Bodil Ryste, fysioterapeut
- o Solrunn Senneset, ergoterapeut/ernæringsfysiolog
- o Johanne Mo, ergoterapeut
- o Janne Steinhovden, rådgjevar innanfor psykososialt arbeidsmiljø
- o Cecilie Dahlgren, rådgjevar innanfor psykososialt arbeidsmiljø
- o Synnøve Iversen, rådgjevar innanfor psykososialt arbeidsmiljø



Grafikk 1) Timeleveransar 2018 – Stamina Helse

Den grafiske framstillinga over syner at bistand frå bedriftshelsetenesta er desidert størst på området systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

2. Konklusjon

Årsmeldinga gir også føringar/råd for vidare satsing for 2019. Tenesta jobbar alltid for å rettleie ut frå lover og forskrift, og på den måten bidra til at lovpålagte risikovurderingar og kartleggingar/målingar vert utført funksjonelt og hensiktsmessig.